

# MØTEBOK REGIONRÅDET FOR HALLINGDAL



**Møtedato:** 25. mai 2007  
**Stad:** Geilo, Bardøla Høyfjellshotell

**REGIONRÅDET  
FOR HALLINGDAL**

## Desse møtte frå Regionrådet:

Torleif Dalseide,	Ål kommune
Bjørn Tore Moger,	Hemsedal kommune
Jan Halvard Brekko,	Gol kommune
Audun Aasheim,	Nes kommune
Hans Bekken,	Flå kommune

Frå Buskerud fylkeskommune deltok fylkeskontakt Lise Løff og Dag Stenersen og regionkontakt Terje Moen i sak 23, 25 og 26.

I sak 26/07 deltok i tillegg følgjande representantar frå Buskerud fylkeskommune:

- Nestleiar for hovudutval for regionalutvikling, Roger Ryberg
- Utviklingssjef John Fredrik Wallace
- Fylkeskultursjef Åse Klundelien
- Næringssjef Kåre Henning

Knut Arne Gurigard møtte som dagleg leiar.  
Rådmannsutvalet deltok i sak 22.

---

## **SAK 21/07 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL 23.3.2007**

### **Vedtak**

Møteprotokoll 23. mars 2007 vart vedteke.

## **SAK 22/07 STRATEGISK PLAN FOR HALLINGDAL, STATUS, DRØFTING MED RÅDMANNSUTVALET**

Regionrådet og Rådmannsutvalet gjekk gjennom status for tiltak i Strategisk plan for Hallingdal og drøfta prioriterte tiltak. Vedlagt oversikt gjev ei oppsummering.

## **SAK 23/07 SØKNAD OM TILSKOT; SØRNORSK NATURSENTER - VASSFARET**

Saka vart trekt.

## **SAK 24/07 SØKNAD OM TILSKOT; HALLINGEXPO**

### **Vedtak**

1. Regionrådet for Hallingdal rår til det blir løyvd tilskot til etablering ei felles næringsforeining for Hallingdal, HallingExpo.
2. Tilskot for 2007 og 2008 blir fordelt slik:
  - Tilskot for 2007, maksimum kr. 65.000,-.
  - Tilskot for 2008, maksimum kr. 135.000,-.

3. Tilskot for 2009 og 2010 blir handsama etter handsaming av framlagt evalueringsrapport hausten 2008. Kriterium som det skal leggjast vekt på er m.a. om aktivitetar og medlemstal er i følgje prosjektplan.  
Intensjonane for tilskot for 2009 og 2010 blir fordelt slik:
  - Tilskot for 2009, maksimum kr. 100.000,-.
  - Tilskot for 2010, maksimum kr. 50.000,-.
4. Tilskotet for 2007 og 2008 på totalt kr. 200.000, - blir finansiert av parterskapsavtala med Buskerud fylkeskommune for 2007.

### **SAK 25/07 HØYRING – ORGANISERING AV LOKAL KOLLEKTIVTRANSPORT OG SKULESKYSS I BUSKERUD**

#### **Vedtak**

1. Regionrådet for Hallingdal ser det som ein fordel at Buskerud fylkeskommune tek attende administrativt ansvar for kollektivtrafikk og skuleskyss, eventuelt at omorganisering blir sett i samanheng med regionreforma.
2. Når det gjeld administreringa av skuleskyssen, er det avgjerande for kvaliteten på arbeidet, at Hallingdal får sin faste kontaktperson, som kjenner dei lokale forholda.
3. Uansett organisering av kollektivtransporten vil Regionrådet for Hallingdal setja sterkare fokus på kollektivtrafikk, og invitere Buskerud fylkeskommune og administrasjon av tenestene, til årlege drøftingsmøte.

### **SAK 26/07 EVALUERING PARTNERSKAPSAVTALE BUSKERUD FYLKESKommUNE –REGIONRÅDET FOR HALLINGDAL**

Som grunnlag for evaluering av parterskapsavtala (2004-2007) mellom Buskerud fylkeskommune og Regionrådet for Hallingdal, og seinare handsaming i fylkestinget, vart det helde eit drøftings-/evalueringsmøte.

Som ein hovudkonklusjon var partane samde om at parterskapsavtala mellom Buskerud fylkeskommune og Regionrådet for Hallingdal fungerte svært bra og etter intensjonane.

Innlegg frå utviklingssjef John Fredrik Wallace er lagt ved møteboka.

### **SAK 27/07 HALLINGLAGET I AMERIKA, 100 ÅRS JUBILEUM**

#### **Vedtak**

Rådsordførar fekk ansvar for jubileumsgåve frå Hallingdal

Regionrådet for Hallingdal løyver kr. 5000, - til kvar av ordførarane i Hallingdal, som skal delta på Hallinglaget sitt 100 års jubileum, totalt kr. 15.000,-.

Utgifter til gåve og reiseutgifter blir dekt frå konto ubundne prosjektmidlar.

Ål 1.6.2007

Knut Arne Gurigard

Dagleg leiar

Vedlegg: Oversikt status Strategisk plan for Hallingdal, sak 22/07  
Innlegg frå utviklingssjef Buskerud fylkeskommune, sak 26/07